

Melding publisert i *Norsklæraren* 18.2 (1994), 44-47.

Attgjeven etter avtale med forfattar og redaksjonen av *Norsklæraren*.

## Tjukk, snill og litt ekkel

Melding av Odd Einar Haugen: *Grunnbok i norrønt språk*. Ad Notam Gyldendal, Oslo 1993. 304 sider.

Av Jardar Eggesbø Abrahamsen

Underskrivne meldar er student, noko som vil prege bokmeldinga.

Denne boka byggjer til dels på den førre læreboka i norrønt frå Haugens hand, *Grunnkurs i norrønt språk* (heretter kalla *Grunnkurs*). Mykje er likevel endra i denne nye boka (heretter kalla *Grunnbok*). Ho er for det fyrste mykje meir sjølvstendig. *Grunnkurs* var meint å brukast saman med Iversens grammatikk, medan *Grunnbok* godt kan nyttast åleine. Fylgjeleg er då *Grunnbok* mykje tjukkare enn den førre, som elles bygde meir direkte på Haugens eigne førelesingar. Jamvel presentasjonsstrukturen er endra i den nye boka. Boka er etla nordisk grunnfag på universitet og høgskular.

I *Grunnkurs* slo Haugen fast i føreordet at boka var “i all hovudsak synkron”; i *Grunnbok* skriv han sameleis at oversynet er “hovudsakleg frå ein synkron synsvinkel”. Alt i alt er han meir synkron no enn før.

Om me skal take fonologien fyrst, so er han delt i to: synkron og diakron fonologi. Den synkrone fonologien femner om fonemsystemet i klassisk norrønt med tilhøyrande prosodi. Derimot ser han diakront på avljod, bryting og omljod, som ventande kunne vere. Dette gjeld likevel berre introduksjonskapitla om fenomena (kapittel 3 og 4).

I morfologidelen fører nemleg den sterke synkrone vinklinga til inkonsekvensar i framstillinga. Soleis skriv han på s. 175 om ja-konjugasjonen at “den omlydsskapande /j/ framleis står på presenssteget”. På s. 182 skriv han derimot at i “*telja*-klassa er det generelt j-innskot på presenssteget”, men samstundes at i “alle verb med j-innskot fell /j/ føre konsonant og /i/ etter vanlege reglar”.

Dermed opererer han i kap. 6 (“Fonologiske og morfologiske reglar i bøyinga”) både med j- og v-*innskot* (morfologisk regel) og j- og v-*bortfall* (fonologisk regel). Innskotsreglane er det likevel freistande å take regelstatusen ifrå, sidan dei *pr. definisjon* berre gjeld nokre utvalde verb, adjektiv og substantiv (s. 86f).

Ikkje minst kolliderer synkroniteten med seg sjølv i framstillinga av *bortfall* av /j/ og /w/ s. 79, her sitert om /j/: “Som følgje av j-innskot eller i-omlyd kan halv vokalen /j/ koma føre fremre vokalar. I slike tilfelle fell /j/ bort, medan vokalen blir høg.” Korleis

kan ein tale om j-innskot når der ikkje finst /j/? Endå verre vert det ved regelformuleringa nettopp om j-innskot s. 87: “Halvvokalen /j/ blir skoten inn føre bøyingsendingar på /a/ og /u/, men ikkje føre ‘tvillingbroren’ /i/, og heller ikkje i rein utlyd eller føre konsonantar.” Det er altso snakk om to nær komplementære reglar: Den eine gjer greide for når det kjem inn ein /j/ eller /w/, hin gjer greide for når det *ikkje* kjem inn ein /j/ eller /w/.

For ordens skuld: Heilt komplementære er ikkje reglane. Bortfallsregelen vert òg bruka til å forklåre former som *firdøi*, der den forsvunne j-en ikkje er å tolke som noko slags j-innskot.

På s. 67 hev Haugen ei meir generativistisk framstilling av synkope i forma *aptan + i* -> *aptni*. Å operere med underliggjande former som dette (eller strukturalistisk: diakron analyse) ville truleg ha gjort framstillinga av /j/ og /w/ noko meir oversiktleg: Den underliggjande forma er /telji/, /teljr/ eller /telj/, men /j/ fell i utljod og føre konsonantar og /i/. Ein parallell strategi kunne nyttast for v-bortfallet.

På dette viset kunne det òg høve seg å nemne at det er den underliggjande/bortfalne /j/ eller /w/ som er årsak til at rotvokalen er høvevis fremre og ofte runda. (Haugen nemner berre samsvaret mellom vokal og innskot, ikkje årsaka, anna enn det generelle som stend om omljod s. 56f.)

No hev eg likevel bruka stor plass på berre nokre få punkt i den fonologiske framstillinga, og eg skyldar å nemne at eg likar resten av henne. Innleidingskapitlet inneheld ein “førebuande” presentasjon av uttalereglar, deretter kjem eit grundigare oversyn over synkron og diakron fonologi (kap. 3 og 4 som nemnde). Mellom kap. 4 og dei fonologiske og morfologiske reglane i kap. 6 er det ei førebuaende og elementær innføring i morfologi.

I *Grunnkurs* var dei fonologiske og morfologiske reglane lagde til eit kapittel nær slutten. Her kjem altso reglane før paradigma. Personleg hadde eg ikkje noko imot oppbygginga i gamleboka, der regelkapitlet gjerne vart oppslagskapittel. Men det er klårt at dersom ein les boka frå perm til perm, so kan det vere like kjekt å støyte på fonologiske reglar i morfologikapitla og der oppdage at “dette hev eg lese noko om før”. I alle høve er det i døma stadig nummerreferansar til dei ulike reglane som verkar inn, og i tradisjon frå *Grunnkurs* kjem det med jamne mellomrom oppsummeringar av relevante reglar.

Morfologikapitla er dei som er mest omstrukturerte både i høve til *Grunnkurs* og andre tidlegare norrøngrammatikkar. Kap. 7 heiter “Kategoriar og klasser”, og kan ved fyrste augnekast verke både altfor elementært (innføring i kva kasus, numerus m.m. er for noko) og som eit større sidesprang. Men det er ein god skikk å take ein slik grunnargumentasjon når kapitlet munnar ut i eit paradigmeskifte i ordklasseinndelinga, sjølv om det gjer boka både tjukkare og kanskje meir skræmmande for studentar på fyrste semester nordisk grunnfag.

I den nye inndelinga støttar Haugen seg til Rønhovd (1993) og *Norsk referansegrammatikk* (som framleis er under skriving). Soleis vert gamle “adverb” som *høgt* på formelt grunnlag endeleg og éin gong for alle klassifiserte som adjektiv. Dei gamle “pronomena” er kløyvde i to ordklasser: pronomnen og determinativ, der den siste inne-

held m.a. dei “possessive pronomena”. Den gamle ordklassa “konjunksjonar” er òg delt i to, slik at dei “underordnande konjunksjonane” no utgjer ei eiga ordklasse, sub-junksjonar.

I tillegg til denne nyinndelinga er den primære aksjen i morfologikapitla ikkje ordklasser som soverne (substantivbøying, adjektivbøying); primæraksjen er direkte morfologisk motivert (substantivisk bøying, adjektivisk bøying). Soleis hamnar m.a. possessiva i kapitlet “adjektivisk bøying”, saman med ein del andre determinativ og adjektiva. Resten av determinativa finn me saman med pronomena under pronominnell bøying. Dette kan gjere det noko vanskeleg å finne fram i boka, sidan det set føre at ein allereide veit det som ein gjerne leitar etter, nemleg korleis orda vert bøygde.

Den synkrone vinklinga gjer at Haugen bryt med tradisjonen på fleire punkt internt i den substantiviske og verbale bøyinga, spesielt ved substantiva. Tradisjonelt (les: Iversen) hev me ei inndeling av substantiv etter stammer (den overordna klassifiseringa *sterk* mot *linn* er redundant), deretter kjønn. Haugen er mykje meir synkron, og dei samanfalla som finst med tradisjonell inndeling, hev årsak i dei “tilfeldige” konsekvensane av at stammesuffiksa ofte var nasaldekte i akk. pl. i urnordisk.

Fyrste inndelinga til Haugen er sterk mot linn bøying, deretter genus, og til slutt ulike klasser, dei fær namn etter endinga i akk. pl. I samsvar med praksisen med j- og v-innskot slær han saman t.d. dei maskuline a-, wa-, ja- og ija-stammene til éi maskulin a-klasse. Forholdet er slik mellom den tradisjonelle inndelinga og Haugens inndeling:

- m. a-stammer = sterk m. a-klasse
- n. a-stammer = sterk n. null-klasse
- f.  $\bar{o}$ ,  $w\bar{o}$ ,  $j\bar{o}$  = sterk f. ar<sub>1</sub>-klasse
- f.  $ij\bar{o}$  -stammer = sterk f. ar<sub>2</sub>-klasse
- m. i-stammer = sterk m. i-klasse
- f. i-stammer = sterk f. ir-klasse
- m. u-stammer = sterk m. u-klasse
- m. an-stammer = linn m. a-klasse
- n. an-stammer = linn n. u-klasse
- f.  $\bar{o}n$ -stammer = linn f. ur-klasse
- f. in-stammer = linn f. i-klasse
- m. nd-stammer = linn m. r-klasse
- m. r-stammer
- m. éinstava konsonantstammer = sterk m. r-klasse
- f. r-stammer
- f. éinstava konsonantstammer = sterk f. r-klasse
- f. éinstava vokalstammer

Dei to feminine ar-klasse er i framstillinga berre variantar av éi sams ar-klasse.

Den gamle inndelinga med stamme over genus gav eit meir einskapleg inntrykk av likskapar på tvers av kjønn. Ved å take genus før ei “stammeinndeling” (klasser) hev

Haugen i prinsippet gjort det same som Spurkland (1989), berre at sistnemnde set nummer på klassene sine i staden for endings-namn.

Begge dei to forfattarane er då heller synkrone av seg (Spurkland mest). Spørsmålet er kor mykje vits det er i ein slik taktikk. Norrønstudiet er trass alt fagleg sett diakront motivert, det er ikkje snakk om å lære norrønt for skuld norrønten; disiplinen ligg der som kjernen i den diakrone forståinga av norsk/nordisk spesielt og diakroni generelt på nordisk grunnfag.

På ei anna side er det nettopp grunnfag boka er etla for, som ei innføringsbok, og det motsette spørsmålet er kor stor vits det er i å vere for diakron av seg. Det seier seg sjølv at det må vere vanskeleg å vere passe synkron og samstundes leggje grunnlaget for vidare studium med ein mest mogleg smertefri overgang til tradisjonell inndeling. Eg vil hevde at Haugen hev klart det berre knappast, og dét takka vere bruken av petitar. For kvar klasse er det ein liten kommentar i petit, der ogso den tradisjonelle stammeinndelinga er nemnd. Eg vil tru det er ein rein glipp at dette ikkje er kommentert for nd-stammene.

Trass dette er det vandt å kome forbi at med so stor vekt på genus i høve til deklinasjon, og med so lite å halde seg til i urnordisk, so er det ikkje lett å sjå *kvifor* to substantiv med same genus vert bøygd ulikt. Av oss moderne nordmenn er det vel få som tenkjer over at genus hev med kongruens å gjere, og ikkje kan sjåast på sjølv substantivet. Større vert derfor ikkje forståinga når Haugen skriv at genus er “ein ibuande kategori i substantivbøyinga” (s. 111). Ei anna sak er sjølv sagt at genus hev vore med på å skape brigde i substantivdeklinasjonane, både før norrøn tid og etter; men i norrønt kan me neppe seie at dette er ei heldig inndeling dersom ein vil ha eit *forklårande* oversyn over substantivbøyinga.

Dei som les petitane og ikkje kjenner Iversen, vil dessutan ha vanskeleg for å finne ut kva eit stammesuffiks eigentleg er. Haugens inndeling vil etter min smak høve betre når språket ikkje skal studerast som referansespråk innan diakronien. Dette er mest aktuelt for moderne norsk.

Ogso verba hev fenge ny inndeling, men ikkje so radikalt som substantiva. For dei linne verba gjeld det at ija- og e-konjugasjonane er slegne saman. Dei tri klassene fær då namn etter representantane *kasta*, *telja* og *døma*.

Dei sterke verba er grupperte på vanleg måte, men dei fire fyrste klassene av reduplikasjonsverba er omdøypte til “sterke verb, 7. klasse”, og femte klasse av reduplikasjonsverba er grupperte (men ikkje slegne) saman med dei preteritopresentiske som “blanda bøyning”.

Reint synkront er dette inga ulempe, og som ei innføring er det kanskje like greidt. Det einaste måtte vere at det vert vanskeleg å forklåre dei vekslande fortidsendingane i døü´ma-klasse. Men ogso her hev forfattaren lagt inn opplysende petitar.

Eit anna brot med tradisjonen er den gjennomførde bruken av 3. person i a verbo-bøyinga og inkjekjønning i perfektum partisipp. Eg tykkjer likevel ikkje at dette er noko å gram-mule seg over. I alle fall er kasusfylgda NGDA; ei endring her ville hatt større konsekvensar.

I *Grunnkurs* var substantiva og verba delte på to kapittel kvar, noko eg uttrykte stor

glede for i ei melding av henne, der eg oppfatta boka nærast som ein roman. På sett og vis var den gleda på sin plass, for boka fungerte nesten som ei førelesing, og dét ei god og systematisk ei. *Grunnbok* hev ikkje denne oppsplittinga, og ho er då heller ikkje noka førelesing. Derimot hev Haugen klart å finne den vanskelege balansen mellom referansebok og innføringsbok som han nemner på s. 15, om me då gløymer usemja om kor synkron ei slik bok bør få vere. Som han sjølv skriv, er boka disponert som ei referansebok, men dét tyder ikkje at det ikkje er ein meir eller mindre logisk progresjon i henne. Det gjeng lett å fylgje med, og ikkje minst viktig er det at språkføringa er lett og tonen heile vegen er dus med innslag av humor.

Siste delen av boka tek føre seg syntaksen. Han er til all heppe noko meir omfattande enn me er vane med. Verbalsyntaksen er valensgrammatisk, og kapitlet gjev eit fint oversyn over norrøne verb i det ljøset. Adjektiv og preposisjonar er òg med.

Vidare er setningsstrukturen presentert i eit transformasjonalistisk perspektiv, utan å gå lenger enn til å nytte omgrepet “underliggjande former” (s. 237). I praksis er det snakk om å rekne med “usynlege” og “strokne” lekkar (t.d. stryking av subjekt i koordinasjon og upersonlege konstruksjonar).

Siste kapitlet, nr. 17, er ein ny gjennomgang av bøyingskategoriane frå kap. 7 (kasus, numerus osv.), men no den funksjonelle sida ved dei, som ein syntaksdel det kan seg søme (i kap. 7 var det den formelle sida som stod i fokus).

Bak i boka er det òg ei avdeling med merknader og referansar og eit ordregister med sidetilvisingar.

Delar av boka kan tykkjast overflødige. Dette gjeld spesielt den grunnleggjande innføringa i fonologi og morfologi. Haugen grunnjev det sjølv i føreordet med at boka er skriven som ein del av fjernundervisningstilbodet FJERNORD. Mi eiga mening er at det ikkje gjer noko med for mykje grunnlærdom, sjølv om grunnlærdomen i dette tilfellet er forprøvestoff. Det hadde vore verre om det mangla noko. Slik boka er skriven, tek ho dessutan heller ikkje skade av det elementære. Men morfologiinnføringa ville nok ha vore meir nyttig med eit større innslag av urnordisk, og boka vert tjukkare og mindre oversiktleg enn ein strengt teke skulle trenge.

Alt i alt viser boka med sidespranga tydeleg det som mange (ikkje minst ferske studentar) kan ha vanskeleg for å sjå: at ein disiplin ikkje er autonom, men at alt grip over i kvarandre. Boka er fagleg stød, ho er bygd opp på ein so pedagogisk måte som ei referansebok kan vere, samstundes som ho inneheld meir enn berre det strengt norrøn-filologiske. Dette siste ser eg på berre som ein føremun (trass den “tradisjonen” som finst for å skrive verk der det i *beste* fall er oppgeve referansar til relevante grannedisiplinar).

Til slutt skal eg berre akke meg litt over termen *sonorant*, der me på “norsk” hev ordet *sonant*. I omtalen av framburd (s. 24, 43) kunne ein godt nemne *ff*, og eg saknar døme på distribusjonen av /ju:/ og /jo:/ (s. 52). Fransk *u* er eit dårleg døme på kontinental og norrøn uttale (s. 25), og i ordet *halv* finn me ikkje palatal lateral i norske dialektar (s. 32). I merknadene s. 289 hev prentesvarten vore ute med “dei vokaliske allofonane [u] og [v]”. Dette skal vere [i] og [u]. Eg meiner òg å ha registrert at forfattern vekslar mellom e-infinitiv og kløyvd infinitiv, medan han i omsetjingane frå dei norrøne døma alltid nyttar

a-infinitiv. Men akkurat der er ikkje eg den rette til å setje nokon på plass!

Elles fann eg ein del småpirk.

Den nye boka frå Odd Einar Haugen skil seg ut i tradisjonsbrota, men òg i den snille forteljemåten. Ho er oversiktleg og greid som oppslagsverk, med atterhald om at ein leitar etter paradigme til gjevne bøyingsklasser, og dét kan nok ikkje alltid vere like beint fram. Men eg vil hevde at ho er god å lese frå perm til perm. Det er eit ordregister i henne, men om eg skal få lov til å vere kravstor, so ville eg gjerne hatt eit generelt stikkordsregister òg, spesielt fordi det nettopp er bøyingsklassene og ikkje ordklassene som er primære i disposisjonen.

Etter min smak er boka eit par hakk for synkron, men på denne bakgrunnen gled eg meg over dei diakrone petitane. *Grunnbok i norrønt språk* kan sjølvsagt aldri take plassen til dei gamle klassikarane, men so er ho heller ikkje meint som noko anna enn innføringsbok. Eg var noko overivrig då eg melde førre boka frå Haugen; eg skal ikkje vere like ivrig no. Hadde boka vore meir diakront orientert, ville ho nok likevel ha fenge ein fin karakter.

## Litteratur

Abrahamsen, Jardar Eggesbø: “Odd Einar Haugen: *Grunnkurs i norrønt språk*. Nordisk institutt. Bergen, 1990.” (bokmelding) i *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1/1991.

Haugen, Odd Einar 1990: *Grunnkurs i norrønt språk*. (3. reviderte opplag.) Nordisk institutt. Bergen. (Sjå òg 4. rev. oppl., 1991.)

Rønhovd, Jarle 1993: *Norsk morfologi*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Spurkland, Terje 1989: *Innføring i norrønt språk*. Universitetsforlaget.

\* \* \*

Jardar Eggesbø Abrahamsen er hovudfagsstudent ved Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim.